

Forskerforum

TIDSSKRIFT FOR FORSKERFORBUNDET

FOTO: ERIK NORRUD

José forsker for Norge

Halvparten av forskerrekruertene kommer fra utlandet.
Regjeringen mener sektoren er ute av balanse.

Side 16–21



Cluet er visst å vere internasjonalt

Tre av ti postdoktorar i Noreg er norske. Kva er rett nivå på internasjonaliseringa av akademien?



FOTO: ERIK NORRUD

– Vi kan ikkje favorisere norske søkjarar ved tilsetningar, seier Kjetil S. Jakobsen, leiar ved CEES-senteret. Om lag halvparten av stipendiatane ved senteret er norske.

«Eg sit her med 104 søknader til ei stipendiatstilling i naturgass framfor meg. Ingen av søkerane er frå Noreg. 56 kjem frå Iran, åtte frå India, fem frå Kina, fem frå Nigeria, sju frå Pakistan, og resten frå ulike land i Europa.» Det sa Jann Rune Ursin, professor ved Institutt for petroleumsteknologi ved Universitetet i Stavanger til Forskerforum i 2013. Så tendensen er ikkje ny: Hovudsaka i dette bladet (side 16) tek for seg det stadig aukande innslaget av utanlandsk arbeidskraft i norsk akademien.

Noko av grunnlaget for saka er oppdaterte tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). I år 2000 var 13 prosent av dei som tok doktorgrad frå utlandet. I 2021 hadde andelen auka til 44 prosent. Blant postdoktorane er så mange som sju av ti utlendingar. Av alle som disputerte i 2020, er 39 prosent ikkje å finne i offentlege register i Noreg. Den vanlegaste grunnen er nok at dei ikkje er i landet lenger. Men mange vert òg verande: I 2021 var, ifølgje SSB, 32 prosent av forskarar og fagleg

personale i norsk akademien innvandrarar.

«Cluet er visst å vere internasjonalt.» Tekstlinja frå bandet Tre små kinesere passsar på norsk forskingspolitikk dei siste tiåra. Internasjonalisering har med god grunn vore eit fyndord for politikarar og universitetsleiarar: *Det er i EU vi finn dei store pengane. Forskinga er i sin natur internasjonalt. Dei største problema i vår tid må vi løyse overnasjonalt. Mobil arbeidskraft styrkar dei internasjonale relasjonane våre.* Men no kan det sjå ut til at dei sitjande styresmaktene meiner at utviklinga har gått lengre enn ho burde. Dei har oppdaga at internasjonaliseringa i liten grad er medviten eller balansert mot andre omsyn.

Regjeringa la fram ein ny langtidsplan for forskning og høgare utdanning i fjor haust, og denne vart vedteken av Stortinget i vinter. I planen peikar regjeringa på den høge andelen utlendingar i rekrutteringsstillingar. Statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel (Sp) i Kunnskapsdepartementet får representere styresmaktene i saka vår. Han under-

strekar at forskarrekruttane frå utlandet er ein ressurs, og han vonar dei kjenner seg velkomne. Det er framtida han vil diskutere: Liksom ein del nordmenn skal dra ut og ta doktorgrad, skal ein del utlendingar skal kome hit og ta doktorgrad. Men totalen ser ut til å vere i høgaste laget når berre halvparten av stipendiatane er norske, meiner Hoel.

Kva mekanismar ligg bak det store innslaget av internasjonale forskarar i norsk akademien? Ein viktig faktor er at vilkåra for stipendiatar er betre her i landet enn i mange andre land. Samtidig står ikkje arbeidsvilkåra i akademien i stil med kva løn og stabilitet privat sektor kan tilby, og eg minner om at mange utanlandske forskarrekrutterar reiser frå landet etter stipendperioden. I sum forårsakar desse tendensane eit – minst – tosidig problem sett frå Noreg: For det fyrste kan andelen norske forskarar i nokre fagområde verte i minste laget. For det andre kan store delar av arbeidslivet utanfor akademien få manko på spesialistar og høgt utdanna folk. Kompetansen som møysommeleg og kostbart er bygd opp kan forsvinne. Forskningsrådet opplyser at dei bruker ein sats på 1,2 millionar kroner per årsverk for stipendiatstillingar. Gitt at ein doktorgrad tek tre–fire år, kjem vi opp i store summer.

Som vi fortel i saka vår, har ikkje Kunnskapsdepartementet planlagt tiltak for å auke det norske innslaget blant forskarrekruttane. Statssekretær Hoel fortel at ein fyrst vil be institusjonane om å skaffe seg eit oversyn og finne ut om nokre fagområde er spesielt utsette.

Lat oss til slutt vende tilbake til 2013 og stoda slik ho vart skildra av Jann Rune Ursin ved Institutt for petroleumsteknologi i Stavanger. Kor meinte han det vart av alle dei internasjonalt rekrutterte stipendiatane? «Dei fleste får jobb i oljeindustrien og blir verande. Mange får også jobb i instituttsektoren. Men rekruttering inn i akademien frå eigne ph.d.-ar er nesten ikkje-eksisterande», sa Ursin. Det er denne røyndomsskildringa som styresmaktene omsider ser ut til å ta inn over seg.



Kjetil A. Brottveit
Redaktør

«Statssekretæren understrekar at forskarrekruttane frå utlandet er ein ressurs, og han vonar dei kjenner seg velkomne.»



4 Vil løfte realfagene

– Hvis ikke Norge skal komme bakpå inn i den grønne omstillingen, er vi nødt til å utdanne flere innenfor teknologiske fag, sier Jan Tore Sanner (H).

16 Rekrutterer fra utlandet

Stadig flere stipendiater i Norge kommer fra utlandet. – Totalen ser ut til å være i høyeste laget når bare halvparten av stipendiatene er norske, sier statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel.



24 Gjør porten vid

Akademikere må ikke la seg skremme ut av offentligheten, mener Klaus Mohn, rektor ved Universitetet i Stavanger.



28 Gamle skrifter – ny teknologi

Nasjonalbiblioteket bruker kunstig intelligens til å tyde gamle, håndskrevne tekster. Vi ønsker å gjøre materialet mer tilgjengelig for forskning, forteller forskningsbibliotekar Yngvil Beyer.

6 Klimarebellene

– Forskere har gått ut med advarsler og opprop gang på gang til ingen nytte, sier professor Marion Grau ved Menighetsfakultetet. Selv engasjerer hun seg i Scientist Rebellion.

8 Forskning på liksom

For en billig penge kan forskere kjøpe seg til «forfatterskap» av masseproduserte artikler. Høgskolen på Vestlandet opplevde at en egen stipendiat hadde falt for fristelsen.

10 Framtidas kunnskap

Regjeringen kartlegger hvilken kompetanse som trengs i framtida. Det er en fare for å bygge ned fagområder som blir avgjørende, advarer lederen i Universitets- og høyskolerådet.

12 Vil samordne sikkerhet

Hvilke sikkerhetshensyn må forskere ta ved internasjonalt samarbeid? I dag er tolv statlige etater involverte i slike spørsmål. Et nytt forslag går ut på å opprette ett felles kontaktpunkt.

FASTE SIDER

13 News in brief

14 Innland

22 Utland

31 Aldri anna enn språk

32 20 nøtter

33 Ti kjappe

34 Bøker

38 Kronikk

41 Gjesteskribenten

42 Debatt

44 Tilbakeblikk

45 Informasjon fra
Forskerforbundet



Forskerforum

Nr. 4/2023 – 55. årgang

FAGBLAD OM FORSKNING OG HØYERE UTDANNING

Forskerforum blir redigert etter redaktørplakaten og er medlem i Fagpressen.

UTGIVER: Forskerforbundet, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo. Telefon: 21 02 34 00

ANSVARLIG REDAKTØR: Kjetil A. Brottveit, kjetil.brottveit@forskerforum.no

REDAKSJONSSEKRETÆR: Julia Loge, julia.loge@forskerforum.no

JOURNALISTER: Lina Christensen, lina.christensen@forskerforum.no

Asle Olav Rønning, asle.olav.ronning@forskerforum.no

Kjerstin Gjengedal, kjerstin.gjengedal@forskerforum.no

KONTAKT REDAKSJONEN: redaksjonen@forskerforum.no

ANNONSER: Salgsfabrikken v/Ann-Kristin Valby (Kikki)

E-post: annonser@forskerforum.no. Mobil: 901 19 121

Design: Concorde Design. Trykk: Ålgård Offset.

ISSN 0800-1715. Opplag: 22 314

JAN TORE SANNER

Representant for Høyre i utdannings- og forskningskomiteen på Stortinget. Tidligere kunnskapsminister.

AKTUELL MED: Høyre har fremmet forslag for Stortinget om en tiårig realfagsstrategi.

MANER TIL REALFAGSKAMP

Det er mer bekymringsfullt med fallende rekruttering til realfag enn til nordisk, mener Høyres Jan Tore Sanner.

Det er ikke noe nytt at Høyre er bekymret for interessen for realfag. Men det var da NHO-sjefen allierte seg med rektorene ved Universitetet i Oslo (UiO) og NTNU og varslet om en «realfagskrise» i Khrono, at partiet anså det som riktig tidspunkt å foreslå en realfagsstrategi. Bakgrunnen: Det var 40 prosent færre kvalifiserte søkere til lektorutdanningen i realfag i fjor sammenlignet med i 2019, og NHO-bedriftene melder om kompetansemangel innen ingeniørfag og tekniske fag.

– NTNU bygger Norsk havteknologisenter, som ifølge egne nettsider skal «sikre Norges posisjon som ledende havnasjon». Ved UiO reises Livsvitenskapsbygget for toppforskning innen blant annet medisin og kjemi. Satses det ikke allerede på realfag?

– Det er viktig med bygg, men de må fylles med kompetanse. Vi har hatt en satsing på realfag over tid. Regjeringen Solberg hadde en realfagsstrategi som varte i fire år. Vi iverksatte mange tiltak gjennom hele utdanningssystemet, fra flere naturfagtimer på barneskoletrinnet og økte kompetanse- og opptakskrav med firerkravet i matematikk på lærerutdanningen. Samtidig er behovene betydelige. Rektorene ved UiO og NTNU peker på fallende rekruttering, og vi ser det på kompetansebarometeret til NHO.

– Betyr det at tiltakene som allerede er satt i gang, ikke virker?

– Det er åpenbart behov for forsterkede tiltak. Når vi ser på rekrutteringen til for eksempel realfagslektorer i videregående skole, så er det en nedgang. Ser vi på behovene knyttet til det grønne skiftet, til håndteringen av den digitale utviklingen og på beredskapssituasjonen på grunn av et mer spent politisk bilde, så trenger vi flere forskere med høy realfaglig kompetanse.

– Jeg har kikket på noen tall fra SSB, og i perioden 2011–2021 økte antallet studenter i Norge med 29 prosent. I «naturvitenskapelige fag, håndverksfag og tekniske fag» var økningen 36 prosent. Det er ikke så verst, det?

– Det er store ungdomsskull, og det er flere studieplasser totalt sett. Men innenfor utdanning av nye realfagslærere er det en nedgang. Utdanning handler om lange linjer og langsiktig

– Vi trenger flere norske studenter som velger de tyngste studiene.

satsing. Vi gjør det bra i naturfag i femteklasse, men vi ligger langt etter andre land på ungdomstrinnet. Når færre velger de tunge realfagene på videregående skole, samtidig som de gode, gamle realfagslærerne er på vei ut og det er færre studenter som velger lektorutdanningen i realfag, så vil det over tid svekke vår totale realfaglige kompetanse.

– I strategien starter dere allerede i barnehagen, men Forskerforum er mest opptatt av høyere utdanning. Hvilke tiltak er aktuelle her?

– Skal du løfte den realfaglige satsingen innenfor universitets- og høyskolesektoren, er du nødt til å starte i barnehagen. For å øke rekrutteringen til realfaglige utdanninger, og ikke minst få inn flere som har valgt de tyngste fagene og de høyeste nivåene, må den realfaglige interessen vekkes tidligere.

– Men er det noen konkrete tiltak som er aktuelle?

– Det er jeg helt sikker på, men vi har ikke valgt å konkretisere alle tiltakene i forslaget, nettopp fordi strategien skal være tiårig og må utarbeides i samarbeid med utdanningssektoren, academia og de viktigste fagmiljøene.

– Det er en ganske høy andel utenlandske doktorgradsstipendiater i Norge. I 2021 var 111 stipendiater i teknologiske fag norske, mens 163 var fra andre land. Hva sier du til det?

– Dette peker vi på i forslaget. Et av de nye temaene som aktualiserer en slik langsiktig strategi, er nettopp den sikkerhetspolitiske situasjonen. Vi trenger flere norske studenter som velger de tyngste studiene, og som også velger forskerveien.

– Men er det et problem?

– Det kan være det. Nettopp på grunn av behovet for å få flere som har norsk sikkerhetsklarering, er det viktig å øke rekrutteringen, for eksempel til kryptologi.

– Khrono skrev nylig at færre søker seg til lektorutdanningen i nordisk, og vi hører stadig vekk om mangel på sykepleiere og lærere. «Det blir mildt komisk med så mange alarmer», skriver professor emeritus i lærerutdanning, Karl Øyvind Jordell, i et innlegg. Er det noe i det?

– Jeg har lest det innlegget. Det slås alarm på mange områder, og det illustrerer at vi får mangel på arbeidskraft i årene som kommer. Jeg er uenig i at det er komisk, men det underbygger at vi må få mer ut av arbeidskraften, og at vi må ha et bevisst valg når det gjelder prioriteringene.

– Er svak rekruttering til realfag et større problem enn svak rekruttering til nordisk?

– Mitt svar på det er definitivt ja. Det knytter seg til de store samfunnsutfordringene vi står overfor, ikke minst det grønne skiftet. Hvis ikke Norge skal komme bakpå inn i den grønne omstillingen, er vi nødt til å utdanne flere innenfor teknologiske fag.

– Energiforsker Indra Øverland sa til Forskerforum i 2020 at «vi har kommet langt i å utvikle teknologier som kan kutte utslipp. Det som derimot ikke er på plass, er hvordan vi skal få folk til å ta forskningen og klimaproblemet på alvor». Er du enig eller uenig i det?

– Jeg er enig i at det er en viktig problemstilling, men jeg er uenig i at vi har tilstrekkelig med kompetanse. Tvert imot er det behov for mer, og vi har behov for mer spisskompetanse. Men den kompetansen han etterspør, er egentlig en politisk utfordring. Det er politikerne som må foreta en del av de valgene.

– Men en del teknologi er på plass? Fossilbiler kan byttes ut med elbiler ...

– Utviklingen går i forrykende tempo. Vi har noen tunge industrielle miljøer, og vi må sørge for at de får riktig kompetanse.

– En gruppe klimaforskere fra Cicero har påpekt at vi ikke bare trenger teknologi for grønn omstilling, men også samfunnsvitenskapelig forskning for å finne ut hvordan man kan skape samfunnsendring. Hvordan kan flere teknologer bidra til slik kunnskap?

– Det er en viktig utfordring for universitetene, og vi politikere skal ikke detaljstyre hvordan de legger opp utdanningene. Vi ser at flere utdanningsinstitusjoner har blitt bedre på tverrfaglighet, ikke minst NTNU. Hvordan man skal se ulike fagdisipliner i sammenheng, er en viktig diskusjon i akademien.

– Høyre innførte en realfagsstrategi da dere satt i regjering.

Ifølge en evaluering fra NIFU førte den ikke til bedre resultater eller motivasjon. Hvorfor skal en ny strategi gjøre det bedre?

– De pekte vel på at det er for tidlig eller vanskelig å finne målbare indikatorer på alle tiltakene i strategien, gitt den korte perioden den har vært i effekt. For å ta et eksempel: Da vi innførte femårige masterutdanninger for å bli lærer, tok det fem år før de første ble uteksaminert. Det tar enda lengre tid før det vil gi en endring i skolen. Skal vi lykkes med å løfte realfagene i utdanningssystemet, trenger man et mye lengre perspektiv enn en fireårsplan.

◆ AV LINA CHRISTENSEN

■ – Jeg var veldig glad i matematikk, men jeg valgte samfunnsfag, sosialøkonomi og rettslære på videregående, fordi det var der interessene mine lå, sier Jan Tore Sanner.

Sivilt ulydige forskarar

Forskaraktivistrørsla Scientist Rebellion brukar sivil ulydnad mot klimakrisa. Forskarar med bakgrunn frå miljørørsla tvilar på om det er effektivt.



FOTO: KRISTINA VISAKORPI

■ I februar demonstrerte Scientist Rebellion framfor Stortinget. Her held Marianne Therese Smogeli Holter frå UiO appell, flankert av Andreas Ytterstad (Oslomet, t.v.) og Marion Grau (Menighetsfakultetet, t.h.).

AKTIVISME – Det er ei hardnakka norm at forskarrolla er nøytral, og at dersom ein skal gje uttrykk for eit verdistandpunkt, må det skje på privat. Ein del av målet vårt er å utfordre desse normene, seier Myranda Murray, stipendiat i biologi ved NTNU og medlem av protestrørsla Scientist Rebellion.

TRAPPAR OPP I NOREG

Internasjonalt har Scientist Rebellion vore aktive sidan hausten 2020. Rørsla er ein akademisk avleggjar av Extinction Rebellion, som nyttar sivil ulydnad for å skaffe merksemd om klima- og naturkrisa. Murray fortel at NTNU har hatt eit lokallag sidan våren 2022 som har stått bak fleire aksjonar. Denne våren trappar dei opp aktivitetane i Noreg.

Scientist Rebellion ønskjer å nå andre akademikarar, like mykje som politikarar og media. Murray meiner det er på tide at academia endrar taktikk:

– Vi har trudd at dersom vi berre legg fram våre forskningsbaserte åtvaringar, så vil folk handle. Men det har ikkje fungert. No treng vi å få academia til å oppføre seg på ein måte som samsvarar med krisesituasjonen vi er i, seier ho.

BRUKAR FORSKARIDENTITETEN

I februar arrangerte Scientist Rebellion fleire møte i Oslo, og dei heldt også ein demonstrasjon framfor Stortinget. Der deltok mellom andre Marion Grau, som er professor i teologi ved Menighetsfakultetet. Ho har også vore med i Concerned Scientists.

– Eg tykkjer det er flott at Scientist Rebellion kjem til Noreg no, seier ho.

– Problemet er å nå igjennom med forskinga. Det vi seier, er at vitskapen er overveldande, men vi har kjensla av at vi kan skrive så mykje vi vil, men likevel ikkje bli lytta til. Det gjer at ein blir tvinga til å gjere seg synleg i offentlegheita.

Grau heldt appell framfor Stortinget, der ho mellom anna poengterte at vitskapens etos gjev forskarar ei moralsk plikt til å arbeide til det gode for fellesskapen.

Det er eit poeng for Scientist Rebellion at aksjonistane nettopp er forskarar og ikkje kven som helst.

– Extinction Rebellion vart i starten ofte avfeia som uvitande og utan tyngde, dei vart banaliserte. Scientist Rebellion kan ikkje

avfeia på same måten, seier Grau.

– Kva seier de til dei som meiner forskarar skal vere objektive og halde seg til å levere faktakunnskap?

– Vi ønskjer jo eigentleg berre at omverda har ei objektiv haldning til det som er forskingskonsensus, og handlar på bakgrunn av det. Men kva nyttar det med faktakunnskap, forskarar har gått ut med åtvaringar og opprop gong på gong til ingen nytte. No er mange fortvilte, seier Grau.



– Vi treng meir kunnskap om korleis ein får folk med på å endre samfunnet, seier Elin Lerum Boasson.

FOTO: TRON TRONDAL

BRUKAR ANDRE KANALAR

– Neineineineinei, seier Elin Lerum Boasson på spørsmål om ho har vurdert å engasjere seg i Scientist Rebellion. Boasson er professor i statsvitskap ved Universitetet i Oslo (UiO), forskar på klima- og energipolitikk og har vore hovudforfattar i FN's

klimapanel. Ho er også tidlegare leiar i Natur og Ungdom (NU) og har vore med på sin del av sivil ulydnad på vegner av miljøet.

– Eg er på ingen måte mot ikkje-valdeleg sivil ulydnad, det har ei kjempeviktig rolle i demokratiet. Men eg tenkjer at sivil ulydnad er den svake parts verkemiddel, ein siste utveg

for dei som er stemmelause. Vi som er akademikarar, og særleg eg som er professor, har sterk autoritet og godt høve til å få vår stemme fram om vi ønskjer det, seier ho.

Boasson peikar på at sivil ulydnad er mest effektivt når det blir brukt på toppen av ein pågåande politisk prosess.

– Det gjer at dei aksjonane vi har sett no, i saka om vindmøllene på Fosen, har hatt ein enorm effekt på den offentlege debatten. Men dei meir symbolske aksjonane som Extinction Rebellion har drive med, har ikkje ført til det same i det heile.

Ho får støtte av Bård Lahn, også tidlegare NU-leiar og no postdoktor ved TIK Senter for teknologi, innovasjon og kultur ved UiO. Han har forståing for dei som meiner aksjonar må til fordi verda ikkje har tid til å vente på dei langsame formelle prosessane. Men det er ikkje berre forskarar som er utolmodige, peikar han på.

– I politiske prosessar er ein ofte ivrig etter å få vite kva forskinga seier, fordi ein ønskjer seg eit fagleg grunnlag. Og så blir svaret gjerne at no skal vi først forske i tre år, og så skal vi publisere. Det er eit problem dersom det er den einaste typen kunnskap forskingsverda kan levere. Men eg trur forskarar har mange høve til å kommunisere kunnskapen sin også utanom dei litt langdryge prosessane.

KORLEIS LYTTE TIL FORSKINGA

Lahn vonar Scientist Rebellion også hugsar på å problematisere kva posisjon vitenskapen skal ha.

– Eg skjønner at dei nyttar slagord som «lytt til forskinga», for klimakrisa er godt vitenskapleg dokumentert, og vi veit at det blir gjort forsøk på å så tvil om kunnskapen. Men Fosen-saka er eit godt døme på at det er politiske, ikkje vitenskaplege, løysingar som trengst. Vi veit at vi treng fornybar energi, men det kan vere vanskeleg å byggje ut når ein samstundes skal ta andre omsyn. Forskarar må passe seg for å gje seg sjølve ein for opphøgd posisjon, seier han.

Elin Lerum Boasson forstår fortvilninga til naturvitenskaplege forskarar som studerer artar som er i ferd med å bli utrydda, og opplever at vegen frå kunnskap til praktisk politikk er lang.

– Samstundes forskar eg på klimapolitikk, og det er berre ikkje rett at ingenting skjer. Det har aldri skjedd så mykje politisk som no, seier ho.

– Men dette handlar også om korleis makt er fordelt i samfunnet. Eg meiner vi treng mykje meir kunnskap om korleis ein kan endre samfunnet og få folk med på det, for dagens aksjonar er jo eit teikn på at ein del prosessar ikkje har vore gode. Det kan vi forske på, men så må det vere opp til demokratisk valde organ kva dei vil gjere med det.

◆ AV KJERSTIN GJENGEDAL

HALVPARTEN VAR FEILSITERINGER

Mange lesar bare sammendraget og lar være å sjekke originalkilden når de siterer en vitenskapelig artikkel, tror Claire Glenton.

PUBLISERING – Vi fant ut at halvparten hadde referert til oss på en måte vi mente var feil, sier Claire Glenton, professor i kunnskapsbasert praksis ved Høgskolen på Vestlandet (HVL).

I 2011 publiserte Glenton og kollega Benedicte Carlsen, professor og viserektor ved Universitetet i Bergen, en vitenskapelig artikkel om bruk av fokusgrupper i forskning. Basert på 220 studier i 117 ulike tidsskrifter fant de ut at det er vanlig å bruke i gjennomsnitt åtte fokusgrupper. De fant også ut at forskere ofte lar være å forklare antallet fokusgrupper de har valgt.

Artikkelen ble raskt mye sitert. I dag har den over 800 siteringer. Men så begynte Glenton og Carlsen å lese artiklene som siterte dem.

– Det viste seg at det var drøssevis av feilsiteringer, sier Glenton.

– Det tyder på at folk egentlig ikke har lest artikkelen. De har bare googlet noe raskt, fått opp tallet og slengt det inn.

GIKK GJENNOM ALLE SITERINGENE

Forskerne gikk systematisk gjennom alle siteringene og fant ut at halvparten av studiene som refererte til fokusgruppe-artikkelen, hadde brukt den som en fasit på hvor mange fokusgrupper man bør ha.

Men her har folk misforstått. Glenton og Carlsen kartlegger bare hvor mange fokusgrupper som er vanlig å bruke, de kommer ikke med noen anbefalinger om hvor mange man bør bruke.

– Hva folk pleier å gjøre, er ikke det samme som hva man bør gjøre, sier Glenton, som forteller at noen til og med bommet på gjennomsnittantallet.

Gjennomgangen av feilsiteringene resulterte i en ny vitenskapelig artikkel i 2019: «When “Normal” Becomes Normative: A Case Study of Researchers’ Quotation Errors When Referring to a Focus Group Sample Size Study».

Denne artikkelen har fått langt mindre gjennomslag enn fokusgruppe-artikkelen: kun seks siteringer.

FEIL SOM FORPLANTER SEG

Glenton og Carlsen er ikke alene om å bli sitert feil. For nesten 30 år siden publiserte Karl Halvor Teigen, professor emeritus i psykologi, en artikkel om forholdet mellom stress og ytelse som ble hyppig sitert. Han fant siden ut at med økende siteringsfrekvens ble prosentdelen korrekte henvisninger stadig lavere.

Nå mistenker Glenton en lignende snøballeffekt. Hun tror det er vanlig å bare lese sammendraget, og at mange ikke sjekker originalkilden.

– Vi mistenker at folk siterer de som har feilsitert oss. Det er deprimerende, sier Glenton, som mener det er frustrerende at hun som forsker blir belønnet for å ha mange siteringer, selv om oversikter over antall siteringer ikke sier noe om hvorvidt hun blir sitert riktig.

◆ AV LINA CHRISTENSEN



■ – Man lærer opp til å ha en referanse på nærmest alt. Jeg skjønner at unge forskere og studenter blir slurvete, sier Claire Glenton, professor ved Høgskolen på Vestlandet.

FOTO: LINA CHRISTENSEN

Dette lærte HVL av juk

– Vi føler vi har lært en lekse, sier instituttleder Pål Ellingsen. Han har lest flere titalls fabrikkerte artikler fra en av sine egne stipendiater.

FORSKNINGSETIKK Vil du være første-, andre- eller sisteforfatter på en litteraturgjennomgang om brystkreft, publisert om 10–15 dager? I en gruppe på Facebook publiseres jevnlig annonser som lover forfatterskap på artikler som er klare til publisering, for en pris mellom 300 og 600 kroner.

Noen av disse kan stamme fra *paper mills*, eller papirmøller, bedrifter som masseproduserer noe som ser ut som forskningsartikler, men som ved nærmere ettersyn ikke henger på greip. Det kan være at artiklene handler om flere helt forskjellige ting på en gang, bruker resirkulerte bilder eller har referanser som ikke har med temaet for øvrig å gjøre.

I høst fikk Høgskolen på Vestlandet en slik sak i fanget etter at forlaget Springer hadde foretatt en opprydning. En artikkel fra en av deres stipendiater inneholdt nærmest et visittkort fra et selskap som skriver falske vitenskapelige artikler: den er en av nesten 900 artikler som viser til en redaksjonell omtale av en artikkel om møll-feromoner. De færreste handler om møll.

EN MEGET PRODUKTIV STIPENDIAT

På sosiale medier kan man følge stipendiatens skritt, fra ankomst på flyplassen i Bergen, via venners kommentarer om folketomme landskap, fram til gleden over arbeidsplassen på HVL, der datamaskin, øreklokker og ansattkort ligger klare til bruk.

Men stipendiaten var lite til stede i fagmiljøet sitt i løpet av det snauet året han var ansatt, forteller instituttleder Pål Ellingsen. Til gjengjeld rakk han å publisere en mengde artikler; nettstedet Dimensions finner rundt 40 artikler der han har oppgitt HVL som arbeidssted. Selv om kontrakten ble avsluttet for et år siden, kommer det stadig nye artikler med HVL som arbeidsgiver, flere av dem er publisert i år.

– De publikasjonene han har hatt i perioden han var ansatt, er ikke skrevet i samarbeid med eller under veiledning fra våre ansatte, understreker Ellingsen.

HVL var ikke klar over stipendiatens høye publiseringsaktivitet før Khrono ringte om artikkelen. Da hadde stipendiaten allerede sluttet på HVL.

VIL IKKE HA DEM PÅ SIN LISTE

Nå har HVL gått gjennom alle artiklene som er publisert med dem som arbeidssted, og bedt tidsskriftene om å trekke dem eller

■ En Facebook-gruppe tilbyr medforfatterskap, blant annet i artikler med nær identiske titler til allerede publisert forskning.

endre oppgitt arbeidssted, fordi de ikke kan gå god for arbeidene. Mange av redaksjonene har takket for informasjonen og sagt at de vil gå i dialog med forfatterne, sier Ellingsen.

– Det er en utfordrende situasjon for tidsskriftene også. Men det er viktig og riktig at vi gjør dem oppmerksomme på forholdene. Jeg har lest mange av artiklene, og det er klart at noen av dem har litt marginalt bidrag, ja, sier Ellingsen.

Stipendiatens artikler ligger ikke i den norske databasen Cristin.

– Vi ønsker ikke at det skal være en del av forskningen vår som vi skal være kreditert for, sier Ellingsen.

HAR FUNNET RISIKOFAKTORER

HVLs prodekan for forskning, Lise Bjørkhaug Gundersen, sier at forskningsetikk får et stadig økende fokus, men at denne saken også viser at de må ta enda kraftigere grep i fremtiden. Saken blir nå en del av grunnlaget for HVL når de diskuterer forskningsetikk, for eksempel med andre doktorgradsstudenter.

I tillegg har HVL lært en lekse om papirmøller.

– En viktig erfaring vi drar med oss, er betydningen av at forskerne er en del av fagmiljøet og samarbeider med hverandre. Det er kanskje det viktigste for å sikre kvaliteten på det som blir laget, sier Ellingsen.

– Vi må unngå at man sitter og jobber for seg selv, uten å være en integrert del av fagmiljøet, istemmer Gundersen.

Ellingsen forteller at de har lært å identifisere «noen typiske røde flagg»:

- enkeltforskere som ikke er en del av et forskningsmiljø, men som publiserer mye på egen hånd
- tidsskrifter eller publiseringskanaler med lav prestisje
- et varierende antall ukjente medforfattere og ingen kjente fagpersoner
- Men disse tingene kan også ha en naturlig forklaring, sier Ellingsen.

RARE KILDELISTER

Elisabeth Bik, som er spesialist på publiseringssjusk, spekulerer på om papirmøllene også fungerer som en siteringsring som kunstig øker siteringsindeksen for forfattere. Forskerforum har sett nærmere på et utvalg av artiklene fra HVL-stipendiaten. Flere siterer artikler som er trukket fordi de er fra papirmøller eller har fått kommenta-

sesak



Pål Ellingsen ønsker ikke at HVL skal assosieres med den tidligere stipendiats storstilte artikkelpublisering.

FOTO HVL

rer på PubPeer som indikerer at de er fra papirmøller.

Andre kilder kan være legitime i seg selv, men ha lite med artikkelen å gjøre. I en av stipendiatens artikler, som handler om sikkerhet i data-nettverk, står det: «Det viktigste i oppfatningen av nettverkssikkerhets-situasjoner er å samle og analysere storskala nettverkssikkerhets-hen-

delse, samtidig som informasjonen beskrives effektivt slik at nettverkssikkerhetsledere raskt kan få oversikt over nettverkssikkerhetssituasjonen» (vår oversettelse). Språket er ikke noe å skryte av, men det interessante er kilden til denne påstanden. Det er nemlig en artikkel om kvinners rettigheter i hypermaskuline populistiske regimer. De påfølgende referansene handler om matsikkerhet, studentprestasjoner og en svensk studie om kroppsbylde, uten at dette er omtalt i teksten.

MANGFOLDIGE MEDFORFATTERE

Ellingsen mener det kan være lurt å se på forskerens nettverk. Stipendiaten har utgitt artikler med medforfattere i mange land, som en artikkel der de øvrige forfatterne er i India, Kina og Etiopia. Forskerforum har spurt stipendiaten hvordan de fire begynte å jobbe sammen, men ikke fått svar. Samtidig som artiklene har mange medforfattere, er det få tilfeller der stipendiaten har samarbeidet flere ganger med samme person.

SPESIALNUMMER-METODEN

Flere av stipendiatens artikler fra HVL er i spesialnumre, noe som også kan være en varsellampe. Papirmølle-artiklene kan komme gjennom tidsskriftenes nåløye ved at noen oppretter et eget nåløye ved siden av det ordinære. Noen tilbyr seg å være ansvarlig for et spesialnummer, som i sin helhet produseres utenfor den vanlige redaksjonen, med egen innhenting av artikler og fagfelleverdinger.

Den tidligere stipendiaten har ikke svart på Forskerforums henvendelse, og vi bruker derfor ikke navnet hans.

◆ AV JULIA LOGE

FOTO: HEIKO JUNGE / NTB



■ Unio-leder Ragnhild Lied vil kreve reallønnsvekst i årets lønnsoppgjør.

Ruster seg til lønnskamp

Lønnsoppgjøret starter om få uker. Mens de fleste fikk reallønnsnedgang i fjor, preget store bonuser lønnsutviklingen i deler av næringslivet.

LØNNSOPPGJØR Unio-leder Ragnhild Lied varsler at Unio vil kreve reallønnsøkning i år, og at offentlig ansatte ikke vil binde seg til resultatet i industrien.

– Det må til dersom vi ikke bare skal klare å rekruttere, men også beholde, ansatte med høyere utdanning i stat og kommune over hele landet, sa Lied på Unios inntektspolitiske konferanse nylig.

Forskerforbundet er en del av Unio.

FORTSATT HØY PRISVEKST

Forventet prisstigning har blitt en av de viktigste faktorene i lønnsoppgjøret. Konsumprisindeksen vil i år øke med 4,9 prosent, ifølge det siste anslaget fra Teknisk beregningsutvalg for lønnsoppgjørene (TBU).

Det betyr at lønnstilleggene må være større enn dette for at 2023 ikke skal bli et nytt år med reallønnsnedgang.

I fjor tapte mange på høy prisvekst. Utdanningsgrupper i staten var blant taperne.

Industrien hadde en lønnsvekst på 4,1 prosent, viser TBUs tall. Her var det funksjonærene som dro opp gjennomsnittet, blant annet takket være store bonuser på høstparten.

I staten var lønnsøkningen 4,4 prosent. En del av dette skyldes imidlertid økte tillegg som følge av flere øvelser i Forsvaret og mer aktivitet i politiet. Trekkes dette fra, var lønnsveksten i staten 3,9 prosent.

FORHANDLER KUN OM LØNN

I år er det mellomoppgjør, det vil si at det bare skal forhandles om lønn. I fjor inngikk Unio i staten for første gang en hovedtariffavtale sammen med Akademikerne. Denne avtalen er toårig, og gjelder også for årets oppgjør.

Her er noen av de viktigste datoene:

- Stat, kommune og Oslo kommune starter forhandlingene de siste dagene i april med frist 30. april for å bli enige.
- Om forhandlingene i stat og kommune ikke fører fram, blir det mekling fra 3. mai med frist 24. mai.
- Andre tariffområder: I Spekter starter forhandlingene 18. april. I KA (Kirken) er forhandlingsstart 15. juni. I Virke HUK (helse, utdanning, kultur og frivillighet) er datoen 19. juni.

◆ AV ASLE OLAV RØNNING

Kva kompetanse vil Noreg

Snart kjem utsynsmeldinga, der regjeringa kartlegg framtidens kompetansebehov. Å lære studentane å lære blir viktigare enn nokon gong.

■ På open dag får framtidige studentar stifte kjennskap med universiteta. Men kva kunnskap trengst i framtida?



FOTO: UIT

UTDANNINGSSYSTEMET – Vi er veldig opp-
 tekne av at ein ikkje skal ha eit for snevert
 syn på kompetansebehova framover, seier
 Sunniva Whittaker, rektor ved Universitetet
 i Agder og styreleiar i Universitets- og høg-
 skolerådet (UHR).

Regjeringa har varsla «ekstrem oppussing»
 av kunnskapssektoren, stortingsmelding for
 stortingsmelding (sjå undersak). Den første
 av dei, utsynsmeldinga, tek for seg framtidens
 kompetansebehov og korleis dette kan dek-
 kjast, mellom anna gjennom utdanningssys-
 temet. Samtidig har sektoren fått sterke signal
 om trongare økonomiske tider framover.

Whittaker vonar at Kunnskapsdeparte-
 mentet vil ha tillit til at institusjonane sjølve
 kan ta gode avgjerder når det gjeld dimensjon-
 ering og studietilbod, i staden for å leggje
 for sterke føringar.

– For det er fryktelege vanskeleg å spå om
 framtida. Med trongare rammer er faren at
 ein kan byggje ned fagområde som så vil vise
 seg å vere heilt avgjerande framover.

MANGE VEGAR TIL FRAMTIDA

Den viktigaste premissleverandøren for
 debatten er Kompetansebehovsutvalet
 (KBU), som er oppnemnd av Kunnskaps-
 departementet. Utvalet har medlemmar frå
 arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjo-
 nane, fylkeskommunane og forskingssek-
 toren. Utgreiingane frå KBU skal danne
 grunnlag for planlegging både hos sty-
 resmakter og arbeidsliv.

Utvalet kan sjølv velje kva tema og pro-
 blemstillingar dei vil undersøkje, og leverte i
 fjor ein rapport om høgare yrkesfagleg utdan-
 ning. Ein ny rapport om kompetansebehov
 knytte til grøn omstilling, skal leggjast fram
 før sommaren.

– Det viktigaste vi gjer, er å samanfatte
 eksisterande kunnskap og skape eit felles
 bilete av verkelegheita: ulike typar analysar,
 prognosar og scenario, nasjonalt og interna-
 sjonalt, seier Sveinung Skule, direktør for
 Direktoratet for høgare utdanning og kom-
 petanse (HK-dir). Han leier utvalet.

– Ein viktig del er å sjå på svakheiter i
 kunnskapsgrunnlaget og drøfte soliditeten.
 På nokre område peikar dei fleste analysane
 i same retning, på andre område er grunn-
 laget dårlegare.

ARBEIDSLIVET VIKTIGAST

Fleire av innspela til utsynsmeldinga, mel-
 lom anna UHR sitt, peika på farane ved å
 bruke framskrivingar av dagens situasjon
 som grunnlag for rigginga av utdanningssys-
 temet, fordi utviklinga er så uvis. Statistisk
 sentralbyrå gjer mange framskrivingar av
 til dømes demografi og utdanning, og dette
 er ein del av kunnskapsgrunnlaget til KBU.

– Då tek ein utgangspunkt i historiske data,
 og det vil seie at ein ikkje kan få med slikt som
 store teknologidringar eller nye næringar.
 Ein kan ikkje framskrive behov i næringar som
 ikkje finst. KBU handterer dette ved å bruke
 ulike typar analysar som grunnlag, seier Skule.

Eit alternativ er å rekne seg bakover frå eit
 framtidig mål. Han nemner det grønne skiftet

trengje?

– Våre grunnutdanningar må ha som mål å lære folk å lære.

SUNNIVA WHITTAKER

som døme: Noreg har konkrete mål for til dømes klimagassutslepp. Med utgangspunkt i dei kan ein vurdere kor mykje fornybar energi vi vil få bruk for, og vidare kva slags kompetanse som trengst for å få dette til.

– Scenario er endå ein type analyse, då tenkjer ein meir fritt om kva føresetnader ein kan leggje til grunn. Det finst også undersøkingar som spør bedriftene om kva dei sjølve trur om behova. Då må vi ta høgde for at dei veit meir om den kortsiktige enn den langsiktige utviklinga, seier Skule.

– *Men arbeidslivet sine behov samsvarar vel ikkje nødvendigvis med samfunnet sine behov?*

– Mandatet vårt er å dekkje begge, men utvalet er sett saman for å leggje størst vekt på arbeidslivet. Når vi no ser på kompetansebehov for det grøne skiftet, legg vi meir vekt på arbeidslivet enn på til dømes kompetanse hos forbrukarane, sjølv om det også er viktig, seier han.

– TRENG TANKEMANGFALD

Rune Todnem By har eit UNESCO-professorat i framtidskompetanse ved Universitetet i Stavanger, som mellom anna har som mål å sjå på korleis framtida blir brukt i politikkutvikling.

– Eg trur korkje politikarar eller akademikarar veit kva som vil vere morgondagens problem. Det vi veit, er at det vil vere behov for å jobbe på tvers av siloar, og det er noko vi kan ta kontroll over og lære studentane våre, seier han.

Det finst metodar for å tenkje systematisk omkring ulike framtidsscenario og måtar å identifisere problema som treng å løysast, på, men det dei har felles, er at dei krev eit mangfald av tankesett, peikar han på.

– I politiske utval finn ein ofte representantar for dei same gamle tankesetta. Men utdanning, slik eg ser det, er samskaping og å lære å arbeide med folk som er ulik ein sjølv. Oppgåva til vår sektor er ikkje først og fremst å levere på arbeidslivet sine behov slik dei er i dag, men å utvikle måtar å løyse problem på framover.

TILPASSE ELLER FORME

Sunniva Whittaker har sete i ei arbeidsgruppe med representantar frå universitets- og høgskulesektoren som har levert ein rapport til utsynsmeldinga om dimensjonering for framtidens kompetansebehov. Også her vart «generiske ferdigheiter» framheva,



– Vi må unngå å hamne i ein situasjon der vi må nedskalere utdanningstilbodet, seier Sunniva Whittaker.

FOTO: LINA CHRISTENSEN



– Mykje tyder på at knappheit på kompetanse kan bli eit hinder for den grøne omstillinga, seier Sveinung Skule.

FOTO: HK-DIR



Skal sektoren bli meir fleksibel, er tankesett og arbeidsmetodar viktigare enn innhaldet i studieprogramma, meiner Rune T. By.

FOTO: ELISABETH TØNNESEN

altså ferdigheiter som trengst i mange roller, slik som etisk refleksjon, kritisk tenking, samarbeidsevner og evne til å handtere kompleks informasjon.

– Vi veit at det blir behov for sjukepleiarar og folk med IKT-kompetanse framover, men elles er det vanskeleg å vite kva som blir mest relevant for arbeidslivet. Våre grunnutdanningar må ha som mål å lære folk å lære, slik at dei kan vidareutdanne seg, seier ho.

Framtidens kompetansebehov er heller ikkje berre eit spørsmål om å tilpasse seg endringar i arbeidslivet, men også om å skape det samfunnet ein ønskjer seg. Rune Todnem By minner om at framtida er resultatet av våre samla val.

– Korleis kan morgondagen sjå ut? Det må alle ta ansvar for. Å bidra til å setje retning, til å seie kva som er rett og gale, og minne oss sjølve på at vi har eit samfunnsoppdrag, det kan alle gjere, seier han.

◆ AV KJERSTIN GJENGEDAL

Meldingane om kunnskapssektoren

Forsknings- og høgare utdanningsminister Ola Borten Moe har varsla store endringar i kunnskapssektoren. Det skal mellom anna skje gjennom ein serie meldingar til Stortinget.

Kompetansebehov: Utsynsmeldinga, som er rett rundt hjørnet, er ei kartlegging av framtidens kompetansebehov på kort og lang sikt. Målet er å dekkje arbeids- og samfunnslivet sine behov og leggje til rette for at folk har tilgang til relevant utdanning i heile landet. Meldinga skal ta opp prioriteringar og dimensjonering i utdanningssystemet, men også Nav si rolle og arbeidslivet sitt sjølvstendige ansvar for å halde arbeidsstyrken oppdatert. Desentralisert utdanning blir eit tema i meldinga.

Distrikt: Denne våren kjem også ei ny distriktsmelding, der eit desentralisert utdanningstilbod vil vere eitt av fleire tema. Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som har ansvar for denne meldinga.

Profesjonsutdanningar: Våren 2024 kjem ei melding om profesjonsutdanningane. Regjeringa har varsla at hovudvekta vil liggje på lærarutdanningane, ingeniørutdanningane og helse- og sosialfagutdanningane, som alle er svært viktige for velferdsstaten. Denne våren inviterer regjeringa til innspelsmøte om denne meldinga. Profesjonsmeldinga vil ta opp både kvaliteten og kapasiteten i utdanningane.

Forskning: Regjeringa har også varsla ein gjennomgang av heile forskningssystemet, i form av ei stortingsmelding som kjem før utgangen av stortingsperioden. Meldinga vil sjå på roller, ansvar og oppgåvefordeling mellom dei ulike aktørane i forskningssystemet, inkludert rolla til Forskningsrådet.

◆ AV KJERSTIN GJENGEDAL

Nytt kontaktpunkt skal hjelpe

Sektoren kan få et felles sted å henvende seg til ved spørsmål om risiko ved internasjonalt samarbeid. – En god idé, mener dronereser Stian Andre Solbø.

NASJONAL SIKKERHET På bare noen få år har internasjonalt samarbeid om forskning og høyere utdanning gått fra å være noe som ble heiet fram fra alle hold, til å bli et minefelt.

Hvem kan man samarbeide med? Hvem kan man ansette? Hvilken forskning kan deles, og hvordan sørger man for at det som ikke skal deles, er trygt?

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) og Norges forskningsråd foreslår nå at det opprettes et nasjonalt kontaktpunkt for rådgivning til kunnskapssektoren om internasjonalt samarbeid. I dag er det tolv statlige etater som har hvert sitt ansvarsområde på feltet.

Et nasjonalt kontaktpunkt skal sikre at det er et sted å henvende seg. I Nederland, som har en ordning som ligner på den som foreslås i Norge, skal kontaktpunktet gi svar innen 48 timer i enkle saker.

– KAN VÆRE NYTTIG

– Et godt kontaktpunkt som kan fortelle hvor man får mer informasjon, kan være nyttig, sier Stian Andre Solbø, konstituert forskningsleder for droner og autonome systemer i forskningsinstituttet NORCE.

Hans forskningsmiljø med forankring i Tromsø arbeider opp mot norske og internasjonale miljøer innen miljøovervåking, klimaforskning og privat næringsliv.

Før bygde de droner selv, men nå er sivile droner som kan kjøpes som «hyllevare», så gode at det ikke trengs. I stedet arbeider NORCE med utvikling av sensorer som kan plasseres på dronene, og nye måter å tolke dataene fra dronene på.

Det er et forskningsfelt som kan berøre hensynet til nasjonal sikkerhet, og Solbø ønsker mer informasjon om hvordan forskningsmiljøer skal forholde seg til dette, velkommen.

– Hvis jeg får en slik sak på mitt bord i dag, vil jeg være i tvil om hvordan vi skal forholde oss, sier han.

BLIR SETT I KORTENE

Solbø peker på at økt vektlegging av nasjonal sikkerhet ikke er noe særnorsk fenomen. Han antar at deres samarbeidspartnere tenker på samme måte.

– Når verden har blitt som den har blitt, vil jeg tro at folk vi samarbeider med i andre land, også ønsker å se oss i kortene. Et nasjo-



FOTO: KATRINE JAKLIN NORCE

ser og fortsatt vekst og framgang – og aller helst for Distrikts-Norge. Du kommer ikke unna med å forfekte omstilling hvis du også sier til folk at det *koster* noe. Det virker nærmest helt umulig. Selv om det var sant, så kunne du ikke si det. Og jeg er ikke sikker på om politikerne vil kunne holde det de lover, for å si det sånn. Tvert om tenker jeg at den omstillingen vi står overfor, i enkelte henseender vil begrense våre muligheter. Reise- og transportaktivitet er et eksempel. Men det kan også bety en demping av aktiviteter som er belastende for våre omgivelser. Enten det er naturen eller atmosfæren.

– **Jeg har sett en del grafer for utfasing av fossile ressurser og innføring av fornybar energi. Alle viser stort sett at det totale energiforbruket skal fortsette opp?**

– Ikke nullutslippsalternativet, der tror jeg de regner med nokså konstant energiforbruk på totalnivå, men veldig mange andre scenarier tilsier at energiforbruket samlet sett skal opp. Og det er et stort tankekors. Et eksempel i Norge er jo elbil-politikken, som i løpet av 15 års tid har medført at vi nå kjører biler som i snitt er 500–1000 kilo tyngre enn det vi gjorde før. I enkelte henseender er det vel bra for kloden med flere elbiler. Men å kjøre biler på ett tonn er nok bedre for kloden enn å kjøre biler som veier to tonn. I den grad vi i det hele tatt skal legge til rette for den individuelle personbilbilismen i de ti årene som kommer.

– **Når vi snakker om samarbeid mellom universitet og næringsliv, så skal jo alltid miljøproblemene løses med teknologisk innovasjon, som bedre biler og mer effektive motorer. Men hvis nyvinninger og effektivisering blir utnyttet for å skape økt omsetning, vil ikke problemene uansett øke?**

– Jo visst. Nettopp dette paradokset er det forsket mye på, den såkalte «rebound-effekten» i energiforbruket når det gjelder nyvinninger i energisparing: Hvis du bytter vinduene, så hever du innetemperaturen. Hvis du får bedre kjøleskapsteknologi, så øker du størrelsen på kjøleskapet.

– **Er det et paradoks for et universitet som skal jobbe med grønn omstilling, at historisk sett så har «grønn» innovasjon gjerne til sist ført til mer forurensing? Og har et profesjonsrettet universitet som dere også en rolle i å tenke systemisk?**

– Absolutt. Jeg har jo selv undervist i energiøkonomi her, og da var dette temaet på min forelesningsplan og på mitt pensum. De studentene som går på disse fagene, de skjønner dette og tar det innover seg. Det har jeg sett eksempler på i ettertid, både på sosiale medier og i debatter.

– **Altså at tankemåter kan være like viktig som dingser?**

– Ja, dette handler om å forstå adferdsendringer i respons på teknologiske forbedringer. Du må alltid få med den adferdsmessige responsen før du kan anslå totalvirkningen.

– **Men burde systemisk tenking også være en del av profesjonsetikken? Jeg har sett et forslag om at alle programmerere bør ha et grunnleggende etisk fundament a la lege-eden, gitt hvor mye algoritmene nå styrer av offentlighet og infrastruktur?**

– Ja, jeg ser det argumentet, sånn som verden fungerer nå. Jeg tror dette kanskje er et argument for mer tverrfaglighet i utdanningene, på tvers av disipliner i utdanninger som tidligere var veldig spesialiserte.

– **Hva gjør dere med det?**

– Vi introduserer bærekraftsemner som skal kunne tas og velges på tvers av fakultetene. Vi har en master i energi og samfunn ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet, som blant annet trekker veksler på forelesningsressurser og fagkrefter fra Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet. Men det er fortsatt en vei å gå.

– **De ambivalente tankene du nå ytrer om vekst, hadde du dem også den tiden du jobbet som sjeføkonom i Statoil, bare at du den gangen lot være å ytre dem?**

– Ja, spørsmålene meldte seg tidlig, men jeg har nok gradvis modnet i dette tankesettet. Det står for meg at klimautfordringen har et større

– Du kommer ikke unna med å forfekte omstilling hvis du sier til folk at det *koster* noe.



■ – Da jeg først ble rektor, undervurderte jeg nok slagkraften som er knyttet til rollen min, medgir Mohn. – Jeg har blitt mer forsiktig med å gi egne, meningsbærende kommentarer på Twitter.

format enn jeg tenkte for 10–15–20 år siden. Og den krever andre løsninger enn det jeg trodde på da, eller i alle fall en mer resolutt respons.

– **Hvordan endret du mening?**

– Det har gått gradvis. Men jeg kan peke på situasjoner, som øyeblikkene når du ser bilder av hva som foregår i verden: trengsel, stort forbruk, trafikkmaskiner, industrivekst, utslipp, utarming av naturen og naturinngrep.

– **Altså når du leser avisa og ser bilder av åpne gruver og ...**

– Jeg trenger ikke åpne avisa engang – jeg ser det hver morgen. Hvis jeg tar bilen til jobb og står i kø på motorveien. Da griper jeg meg selv i å tenke: «Dette kan jo ikke fortsette. Sånn kan man ikke holde på!»

– **Situasjoner der man våkner opp og ser det absurde i det hverdagslige, som å frakte enkeltpersoner i hvert sitt tonn med bil?**

– Nettopp. Sånne ting er det som har gått opp for meg. Det er derfor jeg er så glad i sykkel, for det kan ikke finnes et mer elegant

transportredskap. Den veier 10–12 kilo og tar deg dit du vil. Bra for helse, bra for energiforbruk og bra for alt omtrent.

– **Det lyder som en utpreget sunn-fornuft-tanke, ressursøkonomisk sett?**

– Ja, det er nok en grunnleggende motivasjon hos meg. Jeg vet ikke om det var derfor jeg ble økonom, men altså: nøysomhet – å ikke bruke mer enn det jeg egentlig trenger for å gjøre ting.


– **Du la akkurat fram en omstillingsplan med forslag om å kutte kostnader tilsvarende 150 årsverk innen 2026. Om dere nå må lytte mer til markedet, vil meningsbryting og tverrfaglighet fortsatt være blant tingene dere har rom til å prioritere?**

– Absolutt. Hovedmålet med omstillingen vi nå står overfor, er nettopp å sikre handlingsrom for å opprettholde våre strategiske ambisjoner og mål. Vår interne omstilling er bare bølgeskulp i det lange løp. Presset mot klima og natur er den store tsunamien, som vi skal ruste samfunnet med kunnskap for å ri av. ●

Lærer maskinen å tyde håndskrift

Å tolke gamle håndskrifter kan være krevjande. Ved Nasjonalbiblioteket er det datamaskinen som gjer jobben.

TEKST: JOHANNE LANDSVERK | FOTO: ERIK NORRUD



Då den 17-årige Sigrid Undset skulle sende postkort frå Roskilde til mor si, fekk ho ikkje plass på eitt kort, så ho måtte sende to.

FORSKARAR: Yngvil Beyer og Andre Kåsen, forskningsbibliotekarar ved Nasjonalbiblioteket i 'Oslo

PROSJEKT: automatisk attkjenning av handskrift

METODE: maskinlæring

UUNNVERLEG VERKTØY: datamaskin



Den digitale utviklinga innan maskinlæring går i rasande fart, også ved Nasjonalbiblioteket.

– Ved hjelp av kunstig intelligens trener vi opp datamaskinen til å kjenne att gamle handskrifter. Dette er ei stor satsing hjå oss no, seier forskningsbibliotekar Yngvil Beyer. Ho er koordinator for eit treårig forskingsprosjekt om digital handskriftattkjenning ved Nasjonalbiblioteket i Oslo. Beyer har også koordineringsansvar for arbeidet med språkteknologi ved biblioteket, og i dag skal Forskerforum få sjå korleis gamle handskrivne brev skal bli del av den søkbare verda.

– Vi ønskjer å gjere handskrive materiale meir tilgjengeleg for forskning. I dag er ein avhengig av ein katalog der brev og manuskript er skildra med enkle metadata. Men ved handskriftattkjenning kan ein søke direkte i heile teksten, forklarar Beyer.

Ville søke i handskrivne brev

Nasjonalbiblioteket har jobba med digitalisering av trykte bøker, aviser og tidsskrift heilt sidan 2005. I dag er så godt som heile samlinga på 600 000 bøker digitalisert. Dessutan er 4,5 millionar aviser digitaliserte, noko som utgjer om lag halvparten av alle avisene i biblioteket.

– Vi har også ei stor samling med private arkiv som blir ein del brukt, og dette materialet er veldig skjørt. Så di sjeldnare vi treng å ta dette fram, di betre. Difor begynte vi å fotografere av ein del materiale og legge det ut på nettsidene. Der kan ein til dømes søke i katalogen over brevsamlingane til Camilla Collett og finne ut kven ho skreiv brev til. Ein kan også sjå eit bilete av brevet, fortel Beyer.

Men ved Nasjonalbiblioteket ønskte dei å gå vidare. Saman med kollega Andre Kåsen, som er språkteknolog ved biblioteket, begynte Beyer å jobbe med såkalla treningsdata, for å trene opp datamaskinen til å kjenne att handskrifter på norsk. Målet har vore å kunne søke direkte i handskrive materiale, slik ein kan med trykte bøker og aviser.

– Vi såg at det var mogleg å gjere handskrifter søkbare, men det ville krevje meir forskning. Difor tok vi kontakt med Høgskolen i Østfold, som har ekspertise på biletanalyse.

Saman med høgskulen søkte Nasjonalbiblioteket om støtte frå Forskringsrådet, og i 2021 fekk dei 12 millionar til prosjektet om handskriftattkjenning.

Maskinen må både sjå og lese

I eit rom i Spesiallesesalen har bibliotekarane funne fram bunkar av brev, postkort og manus skrivne av Sigrid Undset. Eit postkort frå Roskilde frå 17-årige Undset til mor hennar er skrive på toget til København. Og teksten, som kanskje er raskt rabla ned, er ikkje lett å tyde. I alle fall må ein bruke tid. Så korleis kan ein datamaskin greie dette?

Andre Kåsen forklarar at systemet bygger på den same teknologien som mange andre former for maskinlæring.

– Det spesielle i dette prosjektet er at vi kombinerer to intelligensar: éin maskin som kan sjå, og éin som kan lese. Dette gjer innlæringa meir kompleks. Maskinen må sjå biletet av bokstaven og i tillegg ha kunnskap om bokstavkombinasjonane for å finne ut kva som mest sannsynleg står der. Så det vi utviklar her, er ein kombinasjon av bilet- og tekstattkjenning.

Han fortel at Høgskulen i Østfold særleg jobbar med å utvikle algoritmar eller oppskrifter for biletattkjenning.

– Kva er til dømes relevant for at maskinen

skal lære å kjenne att ulike variantar av ein s? seier Kåsen.

Lærer teknologien norsk

Beyer fortel at Nasjonalbiblioteket også samarbeider med det franske firmaet Teklia, der dei er ekspertar på tekstattkjenning. Men dei kan ikkje norsk språk.

– Det er her språkteknologien kjem inn. For datamaskinen må få nok informasjon om det norske språket og kva for bokstavkombinasjonar som oftast opptrer saman. Difor må vi utvikle eigne modellar for norsk språk, fordi språket er så forskjellig frå fransk, tysk og engelsk. Nasjonalbibliotekets bidrag i prosjektet er at vi kan ganske mykje om språkteknologi på norsk, seier ho.

Noko av det første forskningsbibliotekarane gjekk laus på, var ein stor bunke brev av biletkunstnaren Harriet Backer.

– Då vi øvde opp datamaskinen til å forstå skrifta til Harriet Backer, transkriberte vi først 50 brev og sende dataa gjennom programvara. Då fekk vi ut ein modell som kunne brukast til å kjenne att dei 450 breva vi ikkje hadde transkribert. Etter å ha lært opp programmet til å forstå visse handskrifter, er det datamaskinen som transkriberer. I nokre tilfelle må vi rette litt opp i teksten, men alt går veldig mykje raskare, seier Beyer.

Trener opp handskriftmodell

Førebels er datamaskinen øvd opp til å tolke handskrifta til spesielle kunstnarar og forfat-

– Etter kvart som vi får handskrifta til mange nok personar inn i systemet, er målet å lage ein generell modell for norsk handskrift.

YNGVIL BEYER

tarar, som til dømes Harriet Backer, Camilla Collett, Sigrid Undset og Amalie Skram.

– Men etter kvart som vi får handskrifta til mange nok personar inn i systemet, er målet å lage ein generell modell for norsk handskrift. Så no trenar vi opp ein modell som skal kunne kjenne att handskrifter som maskinen ikkje har sett før eller øvd seg på.

I første omgang har forskarane konsentrert seg om handskrifter frå slutten av 1800-talet og første halvdel av 1900-talet, som er enklast å lese og kjenne att.

– Men målet er å kunne utvikle og bruke modellane på alle handskrifter i heile samlinga vår, i alle fall tilbake til 1700-talet. Skrift frå 1600-talet ser heilt annleis ut, og frå den perioden har vi svært lite materiale, seier Beyer.

Ho seier prosjektet førebels er i ein tidleg fase, men teknologien er allereie i bruk.

– Vi legg ut resultatane på nettsidene våre, samtidig som vi utviklar nye løysingar.

Brev til Backer og Munch

Beyer viser på PC-en korleis ein kan utføre eit fulltekstsøk direkte i breva til Undset.

– Vi har laga ein funksjon på nettsidene der ein i tillegg til biletet av brevet får opp teksten i maskinskrift. Dette er meint som lesestøtte for handskrifter som er vanskelege å tolke, seier ho.

Nasjonalmuseet, som til hausten opnar ei ny utstilling om Harriet Backer, er blant dei første som har teke systemet i bruk.

– Ein kan til dømes finne ut når Backer bestemte seg for å måle Stange kyrkje. Om alle breva er digitaliserte og skrifta blir attkjend, vil alle brevsider der Stange er nemnd, kome opp.

Forskarane samarbeider også med Munchmuseet, som har jobba mykje med breva til Edvard Munch.

– Vi har fått tilgang til ferdig transkriberte brev av Munch som vi kan bruke direkte i prosjektet. Det same gjeld breva til Henrik Ibsen.

Prosjekt til nytte for andre

Både forskarar og bibliotekbrukarar vil kunne ha nytte av systemet som no blir utvikla.

– Vi lagar maskinlæringsmodellar som andre bibliotek kan få nytte seg av. Vi held også kurs for folk som er interesserte i korleis dei sjølve kan bruke programmet til å kjenne att handskriven tekst, fortel forskingsbibliotekarane.

Dei meiner prosjektet er svært viktig i ei tid der stadig færre kan lese handskrift.

– Men uansett kor flink ein er til å tolke gamle handskrifter, greier ein ikkje å lese gjennom så mykje og så raskt som ein datamaskin, seier Kåsen.

Og di lenger bakover i tid ein går, di vanskelegare er det å tyde kva som står.

– Eg trur ein skal ha lese ganske mykje handskrift for å forstå skrifta til Camilla Collett. Ho var ein av dei som brukte gotiske bokstavar langt utpå 1800-talet, fortel han.

– Det same gjeld skrift frå 1700-talet. Det var ikkje berre språket som var annleis, men også forma på bokstavane.

Handskrifta endrar seg

Beyer viser fram ei dagbok skriven av Petronelle Nielsen, som var fødd i 1797.

– Dagbøkene hennar vart ein del av Noregs dokumentarv i samband med skeivt kulturår i fjor. Nielsen var den første norske kvinna vi kjenner til som skreiv om kjærleik mellom to kvinner. Vi har studert dagboksband frå ho var i 20-åra, og reisedagbøker frå seinare i livet. Ser vi på dei siste sidene i reisedagboka, har skrifta endra seg ganske mykje. Då var ho nærare 90 år.

Så det er ikkje alltid så lett å kjenne att handskrifta til ein forfattar.



– Ei handskrift utviklar seg gjerne gjennom livet. ●



☞ – Vi ønskjer å gjere handskrivne brev og dagbøker meir tilgjengelege for forskning ved at det blir lett å søke i dei, seier Andre Kåsen og Yngvil Beyer.

☞ Brev frå Sigrid Undset til Hulda Garborg datert 20/3 1923. På PC-en ser vi dei første linjene i transkripsjon. Heile brevet ligg transkribert og søkbart på nb.no

☞ Handskrivne brev blir skanna og deretter gjorde tilgjengelege på nettsidene.



ALDRI ANNA ENN SPRÅK

Mindretalsmålet

– Fordelen med å skrive nynorsk er at ingen torer å røre det, seier Ole Våge.

I to spalter har det handla om at bruk av radikalt bokmål i akademiske samanhengar kan vekke negative reaksjonar. Men korleis er det som fagperson å bruke nynorsk? Båe ekspertane våre er nynorsksfolk, så då spør eg dei.

VÅGE: Fordelen med å skrive nynorsk er at ingen torer å røre det! Når eg har skrive kronikkar på nynorsk i dagsaviser, har ingenting språkleg vorte endra, truleg sidan dei fleste ikkje kan nynorsk så godt. Eit døme på at nynorsken kan vere ei ulempe: «Omgrep» er eit ord eg alltid må forklare. Når eg skal halde ein presentasjon i ein nordisk samanheng, skriv eg «begrep» i parentes.

KRISTIANSEN: Eg kjenner på det same. I dialekten min heiter det «begrep», og «omgrep» kling framandt. Det er attpåtil eit viktig ord i fagområdet mitt, terminologi. Av og til har eg spurt på førehand om det er greitt at eg bruker «begrep». Då har eg fått lov! Eg vel helst formene som ligg nærast dialekten min, som «me» i staden for «vi». Dei einaste gongene eg har vorte retta på, er vel når eg har skrive i kanalane til Språkrådet. For revisjonen av ordbøkene er det fastsett eit sams redaksjonsspråk. Dette språket har ikkje alltid formene eg ville ha valt, men det er gjort for å vere einskapleg.

VÅGE: Denne typen uformell sanksjonering og hierarki mellom former finst nok mest i språkvitskapane. I andre disiplinær trur eg det mest er eit spørsmål om ein bruker nynorsk eller ikkje, ikkje kva slags nynorsk. Faget til meg og Marita – terminologi – er normerande. Vi tilrår noko framfor noko anna. Dersom ein vil skrive nynorsk fagspråk, er det nok opnare enn i bokmål kva ord og former ein skal velje. Slik sett kan det nok vere meir krevjande for fagfolk som bruker nynorsk. På bokmål kan ein i større grad følge straumen.

KRISTIANSEN: Eg som jobbar ein del med å etablere norsk fagspråk under press frå engelsk, ser at det manglar meir på nynorsk enn på bokmål. Det er mange fleire termar å diskutere og etablere.

– *Universitetstilsette bruker mange digitale løysingar i kvardagen, til dømes for å undervise eller sensurere. Det er vel lite nynorsk i slike tenester?*

KRISTIANSEN: Det er eit problem at mange digitale læremiddel berre er tilgjengelege på engelsk. Dersom dei finst på norsk, er det på bokmål. Dersom dei kjem på nynorsk, er det seinare. Her kan styresmaktene leggje føringar. Den som vinn anbodet, må kunne levere tenesta på både bokmål og nynorsk samtidig. Elles er nokre av systema du siktar til, knapt norskspråklege og iallfall ikkje på nynorsk.

VÅGE: Språklova som kom i fjor, kunne godt ha vore testa på slike tenester. DFØ (Direktoratet for forvaltning og økonomistyring) har ein app, ei løysing for mellom anna å registrere arbeidstid eller søkje om reisegodtgjersle. Denne finst berre på bokmål, og eg har sjølv klaga det inn for Språkrådet. DFØ nektar å lage ein nynorskversjon.

– *Den nye språklova styrkjer nynorskens plass. Har dette verka?*



MARITA KRISTIANSEN er terminolog ved Termbanken, Universitetet i Bergen og leiar for Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning.



OLE KRISTIAN VÅGE er terminolog ved Nasjonalt senter for helsefagleg terminologi i Direktoratet for e-helse.

Her uttalar dei seg berre på vegner av seg sjølve.

FOTO: NHH, MOMENT STUDIO

Kva ord eller spørsmål bør vi ta opp i språkspalta?
Send framlegg til kjetil.brottveit@forskerforum.no.

KRISTIANSEN: Ja, eg har merka ei haldningsendring i ulike forum. Det er ikkje berre nerdar som meg som legg vekt på at dei nynorske formene og terminologien skal vere med. No er haldninga at «sjølv-sagt skal nynorsken med» vorten meir utbreidd. Det har sige meir inn i offentleg forvaltning, som i Nav. Det er på veg til å verte meir sjølv-sagt og ikkje berre eit ork.

VÅGE: Men det tek tid. Mitt direktorat syndar big time med nynorsken. Elles gjev digitaliseringa mange moglegheiter. Medan ei nynorsk, trykt ordliste innanfor eit fag kanskje nådde nokre hundre, kan digitale ressursar nå svært mange. Med digitale verktøy er det langt lettare å røkte nynorsk fagspråk. Digitale læreverv kan gjenbrukast. Ein treng ikkje trykkje ei lærebok, men kan lage ein termbase å slå opp i.

KRISTIANSEN: At bokmål- og nynorskordboka på nett har fått felles brukargrensesnitt, er ei positiv endring. Slik er det òg i Termportalen (nasjonal søkjeportal for terminologi utvikla ved Universitetet i Bergen, journ. mrk.). Ein må ikkje leite etter nynorsken, han dukkar opp saman med bokmål. Elles er det framgang når det gjeld *omgreps-harmonisering*, ein nasjonal standard for kva omgrep og termar ein skal bruke i offentleg sektor, eit arbeid som Digitaliseringsdirektoratet koordinerer. I standarden blir no nynorsk integrert, og dette vil sive ut i det offentlege, til dømes til Brønnøysundregisteret, Nav og skatteetaten.

– *Marita, du sa på førehand at du kanskje ville innrømme ei synd. Vert det noko av?*

KRISTIANSEN: Ja, då eg jobba med språkpolitikk på Noregs handelshøgskole (NHH) rundt 2010, brukte NHH, som dei fleste universitet og høgskular, for mykje engelsk. Då var eg medviten om å ha fokus på norsk vs. engelsk og ikkje nynorsk vs. bokmål. Eg visste at dersom eg tok til å snakke om nynorsk, kom gardina til å gå ned, og det ville ha vore vanskeleg å få til gode diskusjonar. Eg trur det er eit betre klima for å snakke om nynorsk no.

➡ AV KJETIL A. BROTTVEIT



FRÅ AKADEMIA

a) Kva var det eit utval leia av Siri Hatlen tok opp til vurdering i ein rapport som vart presentert og send ut på høyring i fjor?



b) Kven står bak det årlege Kompetansebarometeret, som viser kva slags utdanning det er lettast å få jobb med?

c) Innanfor kva fagfelt kan ein støyte på den omdiskuterte Sapir-Whorf-hypotesen?

d) Fyll ut ordet som manglar i dette innlegget frå UiS-rector Klaus Mohn under eit arrangement i 2021: «Invitasjonen gjorde at eg måtte tenke meg om, må eg innrømme. Meinin-gane rundt meg var delte, og eg har fått stor merksemd av mange slag for at eg valte å stille opp i eit møte i regi av ...»

e) Kunsthøgskolen i Oslo og Høgskolen i Molde har uteksam- nert for få doktorkandidatar dei siste åra. Kor mange doktorar skal ein vitenskapleg høgskule produsere årleg i snitt over ein treårsperiode?

- e) Fem
- d) Klimarealistene
- c) avgjer kortets språkbrukaren
- b) Lar om at strukturen i eit språk
- a) Lingvistikken (hypotesen hand- OHN
- b) universet og høgskular
- a) Finansieringssystemet for

DEN FRANSKE REVOLUSJONEN

a) Kva for eit av desse tiåra skjedde den franske revolusjo- nen: 1679–1689, 1789–1799, 1869–1879, 1879–1889?

b) Kva heitte den mektige jakobinske journalisten i Folkets venn som Charlotte Corday tok livet av medan han låg i badekaret – eit motiv som biletkunsten har lagt sin elsk på?

c) Kva er eit anna namn på nasjonaldagen 14. juli i Frankrike?

d) Revolusjonen førte til opp- rettinga av den første franske republikken. Kva for nummer i rekka er den noverande republikken, som vart innstifta av Charles de Gaulle i 1958?

e) Kva er namnet på denne kvinneskikkelsen, som personifiserer både den franske revolusjonen og mottoet om fri-dom, likskap og brorskap?



- e) Marianne
- d) Den femte
- c) Bastille-dagen
- b) Jean-Paul Marat
- a) 1789–1799

LUFTFART

a) Den første organiserte luftfar- ten med passasjerar skjedde med luftskip. Kva for tysk greve og offiser (1838–1917) gav namn til den mest kjende typen av slike farkostar?

b) Kva for arbeidstakarorganisa- sjon var det som nyleg mekla med NHO Luftfart om ei løysing for Luftambulansen?

c) Kven står bak dette tidlege utkastet til eit «ornitopter»?



d) Den første flykapringa i Noreg skjedde med eit fly frå Braat- hens SAFE på ein avgang frå Værnes til Fornebu i 1985. Kva var det kaparen kravde for å gi opp våpenet sitt?

e) Nemn minst tre av dagens fem store produsentar av fly til bruk i sivil luftfart.

- a) Ferdinand von Zeppelin
- b) Parat
- c) Leonardo da Vinci
- d) Øi
- e) Airbus (Europa), Boeing (USA), Bombardier (Canada), Embraer (Brasil) og United Aircraft Corporation (Russland)

ROALD DAHL

a) Kva for engelsk forlag – med fuglenamn – har nyleg gjen- nomgått Dahls bøker ved hjelp av såkalla sensitivitetstlesarar og utført fleire omdiskuterte endringar?

b) Augustus Gloop er ein karakter i *Charlie og sjokoladefabrikken* som i den reviderte teksten ikkje lenger skal vere tjukk, men ... ?

c) Kva for amerikansk Oscar-vinn- ande skodespelar var Dahl gift med i 30 år og fekk fem barn med?



d) Ei av Dahls tre novellesamlin- gar (for vaksne) gav sidan også tittel til ein tv-serie der noveller frå alle desse samlingane var filmatiserte. Kva var tittelen?

e) Kva heiter guten som er hovudperson i *Verdens største fersken*?

- a) Puffin Books
- b) Enorm
- c) Patricia Neal
- d) Tales of the Unexpected (eller Roald Dahl's Tales of the Unexpected)
- e) James (originaltittel: James and the Giant Peach)

Retting: I førre spalte stod det at Den norske Creditbank var Noregs første forretningsbank, stifta i 1857. Men Christiania Kreditkasse var den første forretningsbanken, grunnlagd i 1848. Frå 1862 var namnet Christiania Bank og Kreditkasse, og banken vart seinare kjend som Kreditkassen. Vi orsakar feilen.

Føler seg oversett

– Jeg tror Ola Borten Moe har glemt oss, sier Injá Elisa Påve Idivuoma.

– Hva jobber du med for tiden?

– Jeg har en undervisningsstilling som høyskolelektor. I tillegg har jeg 20 prosent FoU-tid (forskning og utvikling). Akkurat nå holder jeg på med en artikkel om samiske klær og hvilken betydning det visuelle har i forbindelse med samiske festivaler og arrangementer.

– Faget ditt er duodji.

Hva er egentlig det?

– Det er først og fremst samisk håndverk. Det innebærer kunst og alt som kan skapes. Jeg holder mest på med skinn og tekstil.

– Hva gjorde at du havnet i duodji-faget?

– Det er en veldig stor del av den samiske kulturen. Det er en hjertesak for meg å bevare den samiske kulturen, og jeg har vært særlig interessert i den visuelle delen av den.

– Hvorfor er det en hjertesak?

– Det er et vidt spørsmål, så det er vanskelig å forklare. Men jeg er jo same selv. Jeg kan si det så drastisk som at det er et eksistensielt spørsmål. Det er en tradisjon som vi har vokst opp med.

– Hvor lange tradisjoner har duodji som et akademisk fag?

– Vi har hatt duodji-fag siden 1990-tallet, men det var først i 2008 vi hadde det første kullet med bachelorstudenter.

– Noen faste spørsmål: Hvilken bok har vært viktigst for deg i ditt akademiske liv?

– Det må være artikkelsamlingen *Duodjáriis duojárat. Duddjon ealiha duodjedigáštallama* (Håndverkere som jobber med samisk håndverk) av vår eneste duodji-professor, Gunvor Guttorm. Guttorm har lagt det akademiske grunnlaget for duodji, og jeg er privi-



FOTO: PRIVAT

INGÁ ELISA PÅVE IDIVUOMA

Lokallagsleder for Forskerforbundet ved Samisk Høgskole

STILLING

høyskolelektor i duodji ved Samisk Høgskole

UTDANNING

mastergrad i duodji ved Samisk Høgskole

legert som får være med på å bygge opp dette forskningsfeltet. Samlingen består av fire artikler som alle som jobber med duodji på et akademisk nivå, bør lese.

– Når tenker du best?

– Etter at jeg har vært på min arbeidsplass og truffet kollegaer. Det er da jeg får inspirasjon. Jeg jobber 50 prosent hjemmefra, så jeg sitter mye alene.

– Hvordan vil du karakterisere kontoret ditt?

– Det er åpent kontorlandskap, og jeg deler kontor med en kollega. Hvis det hadde vært heltid, så hadde det ikke vært optimalt. Man får ikke arbeidsro, og spesielt innen akademia trenger man den roen. Familien min bor ikke der arbeidsstedet er, så hjemmekontoret passer meg veldig godt.

– Hvis du skulle valgt et annet yrke, hva skulle det vært?

– Noe som er litt mer praktisk, der jeg faktisk får undervist mer. I en akademisk stilling er det mye administrativt arbeid som spiser av tiden som egentlig skal gå til forskning og undervisning. Så jeg ville kanskje undervist på et lavere nivå.

– Har du noen ord til Ola Borten Moe til slutt?

– Budsjettene kuttes for alle høyere utdanningsinstitusjoner, og det går også ut over Samisk Høgskole. Samisk Høgskole er den eneste samiske høyskolen i Norge, og i hele Sápmi, så vi har et stort ansvar. Vi har vært nødt til å legge den samiske journalistutdanningen som skulle starte i høst, på is. Vi møter forventinger fra det samiske samfunnet som vi ikke kan oppfylle, fordi ressursene er for knappe. Kuttene gjør at vi blir hardt rammet, hardere enn større institusjoner, fordi vi allerede er små. Nå er vi redde, og jeg tror Ola Borten Moe har glemt oss.

✦ AV LINA CHRISTENSEN

Sprikende om Norges fremtid

Sharam Alghasi og Thomas Hylland Eriksens antologi inneholder mye bra, men knaker i sammenføyningene.

Det sentrale spørsmålet i denne boken er et stort ett: «Hva er Norge, bortsett fra et geografisk sted og en stat med ytre grenser?» De to redaktørene begynner med et kapittel som introduserer metaforene de bruker i tittelen. Hvilke kulturelle fremtidsscenarioer finnes for Norge? De presenterer tre: murbygging, brobygging og båtbygging. I det første sees Norge som en avgrenset etnisk entitet der det må bygges mur for at andre påvirkninger og mennesker ikke skal komme inn. Det andre er et scenario basert på multikulturalisme, der avgrensede kulturer lever innen territoriet Norge og det bygges broer mellom disse kulturene. Det mest bærekraftige scenarioet ifølge de to er at vi figurativt befinner oss i samme båt, og denne må vi bygge og lappe på sammen.

Alghasi og Hylland Eriksen har samlet mange flinke folk til å se på dette. Kapitlene spenner fra Alghasi, som skriver om norske nettplattformers diskurser om islam og innvandring, via Marta B. Erdal, som undersøker identitetsbygging som norsk og «utlending» i videregående-klasser, til Elisabeth Eide og Heidi Røsok-Dahl, som ser på de «skamløse jentene» sin funksjon i norsk samfunnsdebatt.

I innledningen hevder Alghasi og Hylland Eriksen med rette at ideologiske posisjoner sjelden er konsistente. De sier også at ideen om ideologisk hegemoni er problematisk – informasjonssamfunnet er flerstemmig. Dette er altså en flerstemmig bok om et flerstemmig Norge. Det skaper interessante spenninger. Det er uenighet innad i boka om Oslo-politiets prøveprosjekt med en kviteringsordning for politistopp på gata er en god ting eller ikke. Mette Andersson og Kjell Erling Kjellman bruker det som et eksempel på en seier for antirasistiske organisasjoner i Norge, mens Michelle Tisdal bruker det som



SHARAM ALGHASI
og THOMAS HYLLEND ERIKSEN (red.)
Flerkulturelle scenarioer: Mur, bro eller båt?
Cappelen Damm Akademisk, 2022
244 sider
Veil. pris: kr 349

et eksempel på brutte løfter og statsmaktens manglende evne til å rådføre seg med dem saken gjelder.

I løpet av boka må de sentrale metaforene gjøre mye arbeid, og de knaker i sammenføyningene. (Faktisk knaker det allerede på bokens bakside, der forlaget har beskrevet båtbyggingsmetaforen som bedre enn brobygging, «ettersom vi alle bor på den samme 'øyen'». Hvor ble det av båten? Vil vi av øya?) Flere jobber hardt for å innarbeide den metaforiske overbygningen, og noen tar avstand fra den. En av forfatterne peker på opprinnelsen til metaforen «nasjonen som båt» hos Frantz Fanon. En annen går seg vill i en metafor om Utøya, for å si at heller enn å bygge bro eller båt må vi lære folk å (intellektuelt) svømme. Ett kapittel heter «Brobyggere med båt», et annet fletter inn «straumdrag» i tittelen for i det hele tatt

å få med noe. Interessant nok er ideen om høyreekstremisme som strømninger i havet som båten vår ligger i, et av de bildene som fungerer best. En av forfatterne nekter å bruke redaktørens metaforer i det hele tatt, og vil eksemplifisere sitt eget kapittel om ytringsfrihet og definisjonsmakt ved å forkaste de tre scenarioene og heller betrakte situasjonen som «et symbolsk landskap med skiftende terreng og kanskje sesonger». Jeg lurer på om ikke Andersson og Kjellmans kapittel «Antirasismens dilemmaer» burde stått først, for å lage den rammen for resten av bidragene som jeg ikke synes at den metaforiske overbygningen får helt til.

Det er vanskelig å anmelde antologier. Det er stor kvalitetsforskjell på kapitlene, og dette er i hovedsak et spørsmål om manglende redaktørarbeid. Særlig Michelle Tisdals kapittel om George Floyd-demonstrasjonene i 2020 og Dag Herbjørnsruds kapittel om fordommer som vises i ideen om covid-respons som «kulturelt betinget» er viktig arbeid som kunne fortjent mer gjennomarbeiding. Slik det står nå, må mange av setningene hos Tisdal oversettes tilbake til engelsk for å gi mening, og Herbjørnsruds argument om å hive hele kulturbegrepet på skraphaugen er såpass interessant at det fortjener et bedre strukturert kapittel. Forskningsantologier skrevet for «studenter, politikere, planleggere og andre som er interessert» har vokst frem som en særegen norsk – og veldig uklar – sjanger, født av tellekantsystemet. Dette er bøker som prøver å henvende seg til flere typer lesere på én gang, og det er ikke alltid like vellykket. De fleste kapitlene her henvender seg til en fagfelleleser, i den forstand at de refererer i parentes (til andres eller egen forskning) heller enn å forklare, der det kan finnes uklarheter. Det er både velkjent, deprimerende og ironisk at det å utgis på Cappelen Damm Akademisk utløser mindre ressurser (i form av profesjonell redaktørstøtte) enn det å utgis på Cappelen Damm. Hvis det hadde vært omvendt, ville dette vært en bok som kunne satt tonen for hva Norge skal være i fremtiden, heller enn ett poeng til på forfatterens lister i tellesystemet.



AV IDA JAHR

I løpet av boka må de sentrale metaforene gjøre mye arbeid, og de knaker i sammenføyningene.

Bestill
tilgang på
juridika.no


post
@juridika.no

Bøker fra Juridika





På Juridika finner du Universitetsforlagets
justidsskrifter, fagbøker og ajourførte
lovkommentarer samlet på ett sted.

Juridika

 en tjeneste fra Universitetsforlaget

Spennende bøker fra Universitetsforlaget!



Kjøp bøkene på Universitetsforlaget.no

 Universitetsforlaget

Velskrevet vitenskapshistorie

Fra karrig start til egne lokaler på Gaustad. En fortelling om anatomisk institutt for de innvidde.

SIGBJØRN FOSSUM, PER HOLCK og HAAKON BREIEN BENESTAD
Historien om anatomisk institutt.

Et moderne universitet blir til

Pax, 2022

264 sider

Veil. pris: kr 429



«Alle mennesker streber av naturen etter viten», lyder en kjent setning fra Aristoteles. Fra den følger blant annet tanken om at det å søke kunnskap har en verdi i seg selv, og derfor at særlig grunnforskning bør være en viktig aktivitet ved universitetene. Fra tre tidligere professorer i medisin får vi i en ny bok en mengde eksempler på hvorfor denne setningen har hatt slik gjennomslagskraft. Vi får her presentert ikke bare instituttets historie, gjennom styring og en lang kamp for å kunne flytte inn i et godt lokale, men også den faglige utviklingen, drevet frem nettopp av vitebegjærlige mennesker. Vi blir presentert for engasjement, gode evner og utrettelig innsats. Helt til det slår om i siste del. «Hva vil vi egentlig med våre universiteter?» spør forfatterne. De går fra å være nøkterne, men stolte formidlere til å vise tilløp til resignasjon. Styringsiveren har tatt overhånd, forteller de. Fordi man har glemt det aristoteliske?

I 2015 var det 200 år siden anatomisk institutt ble etablert (i dag Institutt for medisinske basalfag). Michael Skjelderup var den første bestyteren, han satt i 34 år, og med ham begynte kampen om å få et egnet lokale til undervisning og forskning – et som var godt utstyrt, stort nok og uten sopp og råte. Det skulle ta cirka 150 år (sopp og råte slapp man unna tidligere!), og vi følger veien frem dit: Domus Medica på Gaustad. Det innebærer et stort antall detaljer – vi er innom mange navn, en del medisinske oppdagelser og at anatomifaget splittes opp i andre fag, som fysiologi og biokjemi. Vi kan også lese om lønnsnivåer, tilgangen på døde kroppar og tittelen på Fridtjov Nansens doktorgrad om nervesystemet. Skrivemåten har noe dobbelt ved seg: Ting forutsettes kjent, samtidig som de redegjøres for. I begynnelsen går det greit, men jo mer utviklet og spesialisert medisin faget blir, jo mer fagterminologi består boka av. Dette er med andre ord ingen bok for folk utenfor faget. Det understrekes også ved at den vitenskapshistorien som fortelles, i liten grad plasseres i samfunnet.

Forfatterne tegner et miniportrett av flere av de sentrale aktørene fra anatomisk institutt. En av dem var «kjent for sterke sympatier og antipatier og sine sarkastiske replikker», en annen var «flink til å snakke med kvinner». Flere av dem var fryktede eksaminatorer. Man gikk tydeligvis ikke på akkord med eget maktovertak, noe forfatterne også poengterer når de karakteriserer bestyterne frem til 1970 som «konger i eneveldige monarkier».

Årene fra 1970 til årtusenskiftet var nok gullalderen. Da var man del av et fellesskap, preget av «samarbeid og kollegial omsorg». Men så slår styringsiveren inn, noe som får følger for det humboldtske idealet om en forskningsbasert undervisning. Forfatterne viser hvordan forskningen ved universitetet har tapt. Også den enkelte blir taper, dersom Aristoteles' setning ennå betyr noe. For istedenfor å knytte vitebegjæret til livsutfoldelse og virkeliggjørelse av eget potensial blir det noe som kan utnyttets. Det blir ikke lenger et mål i seg selv, men et middel til noe et system kan se seg tjent med. Og derfor ser alt mørkt ut? Helt til sist utfordrer forfatterne sin egen resignasjon. De lar to yngre ansatte fortelle om fremtidshåp, at de ønsker å bringe videre hva de selv har fått, tross bedre vilkår andre steder.

AV AASNE JORDHEIM

Selvbekreftende og naive teorier

En svært vellykket håndbok om natur og litteraturteori, som også avslører noen begrensninger.

SISSEL FURUSETH og REINHARD HENNIG
Økokritisk håndbok.

Natur og miljø i litteraturen

Universitetsforlaget, 2023

224 sider

Veil. pris: kr 229



Stadig flere av bøkene som anmeldes i Forskerforum, har miljø og natur som eksplisitt tema eller implisitt beveggrunn. Bøker som viser hvordan klimakrisen kan medføre grunnleggende fornyelser av faglig orientering – både tematisk og teoretisk – er likevel mangelvare, og det er derfor med stor interesse jeg åpner *Økokritisk håndbok*. Sissel Furusetth og Reinhard Hennig – professorer i nordisk litteratur ved henholdsvis Universitetet i Oslo og Universitetet i Agder – har begått en lettlest og redelig beskrivelse av en slik tematisk og teoretisk fornyelse

innen litteraturvitenskapen spesielt, men også med et blikk på humaniora generelt.

Økokritikk er i denne sammenheng på samme tid benevnelsen på et tematisk orientert forskningsobjekt («natur og miljø i litteraturen») og en serie teoretiske posisjoner («økokritikk») innrettet på denne tematikken. Furusetth og Hennig gir en lettfattelig oversikt over ulike teorier i det ennå begrensede fagfeltet. Forfatterne skal få ekstra skryt siden boken fungerer som faghistorie i sanntid, som de selv sier det, med en destillert fremstilling av økokritikkens historie i Norge: Siden fagfeltet ennå er begrenset i omfang i Norge – og derav også mangler den innføringsboken forfatterne her gir oss – markerer forfatterne «vi» i teksten et vellykket og personlig utkikkspunkt, som tar oss med på både en relevant doktorgradsdisputas og inn i den nye læreplanen for norskfaget.

Men hva så med selve fagfeltet som beskrives? En kritikk er at forskningsfeltet altså i all hovedsak er naivt tematisk orientert. Det lille som handler om litterær form og estetisk tenkning, virker uferdig og egentlig ganske banalt (av typen: litteratur kan komme nærmere naturen ved «å strukturere teksten i henhold til naturlige rytmer, slik som dag og natt eller årstidene»). Likevel fremstår økokritikkens største problem ikke i tematikken, men i at de ulike teoretiske posisjonene i vesentlig grad har karakter av gjenbruk av tidligere litteraturteoretiske rammeverk eller retninger. I bokens gjennomgang av økofeminisme, postkolonial økokritikk, dekonstruksjon og nymaterialistiske teoriposisjoner smaker det resirkulering av teorier – med et riktignok nytt tematisk fokus. I et miljøperspektiv er resirkulering bra, men på teoridannings vegne fremstår det i all hovedsak lite nytenkende. Et større problem er at konkrete litterære forelegg i all hovedsak leses teori-bekreftende – altså at en bestemt teoretisk posisjon søker bekreftelse for sitt eget ståsted. Dette blir kanskje ekstra tydelig i kapittelet om Knut Hamsuns *Markens grøde*, der flere økokritiske lesninger av romanen presenteres: Hver av lesningene har sin egen mer eller mindre eksplisitte teoretiske posisjon, og kapittelet gir oss dermed gode eksempler på de ulike posisjonenes lesemåter. Samtidig avslører kapittelet også hvordan de ulike lesningene i overraskende stor grad søker bekreftelse på sine teoretiske posisjoner. Teoriene fremstår dermed som lite fleksible – og i forlengelsen av dette lite selvkritiske.

Jeg vil understreke at denne kritikken ikke er en kritikk av boken: Den er både velskrevet og oversiktlig og representerer et verdifullt bidrag til avklaringen av et teoretisk felt samtidig som den gir et fint relieff av en spesifikk del av norsk litteraturforskning anno 2023.

AV KJETIL VIKENE

Vilje til forskning – men kva så?

Myndighetene har høge ambisjonar for forskning ved musea. Men dei forstår ikkje kva musea treng for å få til forskning av høg kvalitet, meiner kronikkskribentane.

Til liks med museumskollegaer i heile Noreg var vi svært nøgde da Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) i museumsmeldinga *Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid* (Meld. St. 23 [2020–2021]) følgde opp det vanlege munnhellet om at musea skal forske, med konkrete tiltak for å betre vilkåra for forskning i musea. Med utgangspunkt i rapporten «Vilje til forskning – museumsforskning i Norge i det 21. århundre», som blei utarbeidd av eit utval leia av professor i museologi Brita Brenna, tok meldinga fatt i nokre av dei strukturelle utfordringane som musea møter når forskingsambisjonane skal bli til forskingsresultat. Det blei varsla innføring av «eit titals stipendiatstillingar til museumsforskning» og ei «søknadsbasert ordning for finansiering av museumsforskning» (s. 46–47).

Fekk tilskot

